



Saksbehandlar: Siri Ingvaldsen, Fylkesbiblioteket  
Sak nr.: 19/4167-2

## Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023, uttale

### Fylkesdirektøren rår Hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gi tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.
2. Kulturpolitiske mål kan best nåast ved å sjå verkemiddel og tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng.
3. Bibliotekfeltet vil bli styrkt gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at større og mindre kommunar og by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

## SAKSFRAMSTILLING

### **1. Bakgrunn**

Kulturdepartementet har sett i gang arbeid med Nasjonal bibliotekstrategi for perioden 2020-2023. Strategien skal gi oversikt over staten sitt ansvar for utvikling av offentlege bibliotek og tiltak til støtte for kommunane sitt utviklingsarbeid. Heile biblioteksektoren med folkebibliotek, skulebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek skal sjåast i samanheng. Målet er å utvikle biblioteka vidare som kultur- og kunnskapsinstitusjonar.

Departementet etablerte i byrjinga av mars ei referansegruppe og inviterte deltakarane til å vere med på fire verkstader med ulike tema. Fylkeskommunane får vere med i tre av dei fire gruppene. Skriftlege innspel måtte sendast inn før 28.mars. På grunn av knapp tid var ingen av innspela innsende før fristen frå politiske organ i kommunar eller fylkeskommunar.

Nettverket av fylkesbiblioteksjefar har sendt inn eit innspel der det blir poengert at fylkeskommunane ifølgje Lov om folkebibliotek skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling (vedlegg). For å støtte opp om dette bør ein ny nasjonal bibliotekstrategi gi tydelege signal om korleis samhandlinga mellom stat og regionalt nivå skal ivaretakast i strategiperioden.

Kulturmeldinga frå 2018 understrekar at eitt av måla med regionreforma er å styrke samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunane skal ha ein bindleddsfunksjon mellom stat og kommune, og det vert peika på at ein når måla betre ved å sjå verkemiddel og

tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng. Det siste er særleg viktig på eit felt med så avgrensa ressurstilgang som bibliotek.

Fylkeskommunane har blitt invitert inn i arbeidet med den nye bibliotekstrategien på line med Oslofjord-biblioteka, storbybiblioteka og ideelle organisasjonar. Det er urovekkjande at departementet marginaliserer samhandlinga med regionane i eit så sentralt arbeid.

I Bibliotekstrategien 2015-2018 heiter det om fylkesbiblioteka at dei særleg er «... til nytte for mindre kommuner». Det er ingen andre styringsdokument som heimlar ei slik oppfatning. Fylka sitt planmynde omfattar dei store kommunane og byane på line med mindre kommunar. Bibliotekvesenet vil bli styrkt gjennom ein utviklingspolitikk som erkjenner at by og land inngår i eit samspel. Ein nasjonal bibliotekstrategi bør bidra til å forsterke koplinga.

## **2. Konklusjon**

Hovudutval for næring og kultur tek uttalen frå fylkesbiblioteksjefkollegiet til vitande. Utvalet understrekar at ein ny nasjonal bibliotekstrategi må vere i samsvar med intensjonane i regionreforma og gi tydelege signal om korleis samhandling mellom stat og fylkeskommunar skal ivaretakast i strategiperioden.

Utvalet meiner vidare at kulturpolitiske mål kan best nåast ved å sjå verkemiddel og tiltak på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå i samanheng, og at ein nasjonal bibliotekstrategi bør leggje til rette for å styrke samspelet mellom større og mindre kommunar og mellom by og land.

### **Vedlegg:**

Uttale frå fylkesbiblioteksjefkollegiet v/ Ruth Ørnholts, 28.03.19